

Manger Ungdomslag

RESULTATREGNSKAP	2017	2016
INNEKTER		
Medlemspenger	1 300,00	6 300,00
Loddsalg	67 456,23	67 336,00
Diverse inntekter	144 076,63	43 090,03
Leieinntekter	99 379,00	151 750,00
SUM INNEKTER	312 211,86	268 476,03
SUM DRIFTSKOSTNADER		
Arrangementskostnader	16 153,84	14 368,41
Utleige kostnader	39 805,00	
Strøm o.l	19 443,52	18 428,88
Kommunale avgifter	11 765,00	7 945,00
Renhold	6 919,00	18 528,69
Annen leiekostnad	12 290,00	4 660,00
Inventar	15 827,80	25 454,90
Andre driftsmaterialer	1 197,00	565,10
Revisjon og regnskapshonorar	6 584,00	
Andre fremmede tjenester	7 382,00	1 210,28
Utgifter huset	57 502,00	12 808,00
Telefon	6 228,32	5 613,16
Reklamekostnad	739,00	6 563,00
Forsikring	16 486,00	16 865,00
Gebyrer	250,00	195,00
SUM DRIFTSKOSTNADER	218 572,48	133 195,42
DRIFTSRESULTAT	93 639,38	135 280,61
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Renteinntekter	298,00	206,00
Annen rentekostnad	-233,00	
NETTO FINANSPOSTER	65,00	206,00
ÅRSRESULTAT	93 704,38	135 486,61
OPPSKRIVINGER OG OVERFØRINGER		
Overført egenkapital	93 704,38	135 486,61
SUM DISPONERINGER	93 704,38	135 486,61
BALANSE PR. 31.12.2017		
EIENDELER		
Bankinnskudd	396 970,32	303 265,94
Kundefordringer	0,00	0,00
SUM EIENDELER	396 970,32	303 265,94
EGENKAPITAL OG GJELD		
EGENKAPITAL		
Egenkapital 1/1	303 265,94	167 779,33
Årets resultat	93 704,38	135 486,61
Egenkapital 31/12	396 970,32	303 265,94
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	396 970,32	303 265,94

MANGER UNGDOMSLAG

ÅRSMELDING FOR 2017

Styret for 2017 som vart valt på årsmøte 06.04.17 har vore samansett slik:

Leiar: Eva Karin Klausen
Nestleiar: Raymond Stordal
Kasserar: Else Marie Nødtvedt
Styremedlem: Gjermund Lervik
Styremedlem: Jarle Sylta

Varamedlem: Aina P. Storheim
Varamedlem: Bjarte Morken
Varamedlem: Mari Bertelsen
Varamedlem: Kenneth Håland

Revisor: Laila Stordal og Bjørn Erik Klausen
Valnemnd: Miriam Frantzen og Gina Hella Skiftesvik

Styreaktivitet:

Styret har berre vorte gjennomført eit styremøte i år. (20.09)

Mykje av kommunikasjonen i styret går føre seg i ei eigen gruppe på Facebook, og behovet for å avvikla møter i Solvang er derfor mindre.

Dugnad:

Det har vorte gjort nokon utbetringar i huset. Møte/lagerrommet i kjellaren har vorte gjort ferdig og scenen har vorte fjerna slik at salen har vorte større og meir anvendeleg.

Planane for nytt kjøkken er framleis på blokka. Det har vorte søkt dispensasjon frå grensa mot fylkesveg hjå Statens vegvesen i retning sør. Dispensasjonen er motteken. John Bauge har teikna to ulike forslag til påbygg. Styret har bestemt seg for å jobba vidare med alternativet som er tenkt bygt på noko av arealet som det no er terrasse på, mot grens til naboane Øystein Halland og Trond Stølan.

Det må på plass nokon søknader om dispensasjonar for å få dette til, men arbeidet med nytt kjøkken er i alle fall påbegynt.

Aktivitet i huset:

Utleige: Det har vorte skriven 38 leigekontraktar og leigeinntektene landa totalt på Kr 99 379,-

Det har vorte avvikla 5 Frisko-kveldar i 2017. Overskotet frå denne aktiviteten dette året er ca 13 000,-

Ailin Kolstad Isdal er leiar for Friskoen og gjer dette på ein framifrå god måte.

Seniordansarane leiger framleis Solvang til sine faste dansekveldar 3 gongar i månaden.

Radøy Høgre har også i år leigd Solvang som møteplass for sine gruppemøter i heile 2017.

Basaren vart avvikla 5. November med Karen Margrete Lervik som leiar for komiteen. Dette har ho fått «dreisen» på og leverer i lag med sine hjelparar ein godt gjennomført basar. Det vart seld lodd for Kr 67 456,- mot Kr 67 336,- i fjor.

Det vart ikkje avvikla LAN i 2017.

Medlemmer:

Me er ikkje særleg gode på å verva nye eller å halda på eksisterande medlemmer. I 2017 har me fått inn kr 1300,- i medlemskontingent, mot kr 6300,- i 2016

Grasrot:

Grasrotandelen gjennom Norsk Tipping har gitt laget Kr 28 545,63 mot kr 31 145,87 i fjor.

Diverse:

Ungdomshuset hadde branntilsyn den 06.07.17. Fyljande avvik vart konstatert under tilsynet:

- Dokumentasjon av bygget.
- Anlegg/utstyr for brannvarsling.
- Rutinar for systematisk sikkerheitsarbeid
- Manglande branninstruks og/eller planar.

Eva Karin jobbar med attendemelding på rapporten samt med å utarbeida rutinar som krevst for å få lukka pålegga frå tilsynet.

Økonomi:

Ved utgangen av året har laget Kr 396 970,32 på konto.

Revisjon av Manger Ungdomslag

Rekneskap 2017


Revisor: Laila Stordal & Bjørn Erik Klausen

Eg har sett og kontrollert rekneskapet for 2017 og godkjenner dette.


Merknader:

- Oppgjørsrapport frå Vipps må printast ut kvar mnd og leggjast ved kontoutskrift.
- Forslag til ny konto i rekneskapet. Konto 4002 – Kostnader Frisco
- Alle bilag som gjeld Frisco må merkast. Også innskot

Manger, 14.03.18



Laila Ståløy Stordal



Bjørn Erik Klausen